



Voss, 9. mai 2023.



Månadsbrev nr 9/2022-2023 (mai)
Av Distriktsguvernør
Odd Henry Hommedal

Kjære Rotaryvener!

Månadens tema for mai er Youth Service/Ungdomsteneste.

Ungdomsarbeid utgjer ein stor del av Rotary sin utadretta aktivitet.

SommerCamp skal i år arrangerast med AG1-området som vertar. Då kjem det 12 forventningsfulle ungdomar til Rogaland for å oppleva Norge på sitt mest vakre og gjestfrie i 10 dager. Deltakarane kjem frå Tyrkia, Tsjekia, Italia, Danmark, Taiwan, Romania, England, Frankrike, Belgia, Bulgaria, Austerrike og Spania.
Eg ynskjer arrangørklubbane i AG1 lukke til med arrangementene.

RYLA (Rotary Youth Leadership Award) skal i år arrangerast 15.-17. September på Fjordslottet Hotell på Osterøy. Dette er eit leiarutviklingskurs for ungdom i alderen 19-27 år. RYLA er eit tre-dagars seminar med fokus på eigenutvikling, personleg vekst gjennom innsikt i eigen person og samarbeid med andre leiarar. Det blir gitt undervisning ved hjelp av teori, gruppeøvingar, diskusjonar og refleksjonar.

Påmeldingsfristen er sett til 31. mai, men iflg. Torgalmenning Rotaryklubb som er arrangør, vil det bli mogeleg å melde på deltakarar fram til 30. juni. Dermed er det enno tid for klubbane å jobba med å finna deltakarar. Les meir: <https://rylavest.no/>

Mai er måneden for ungdomstjenesten



1-års Ungdomsutveksling.

Det er også tid for å tenka på å senda søknad for dei som ynskjer å delta som utvekslingsstudent for skuleåret 2024-2025. Søknadsfristen er 1. november, men det er lurt å starta prosessen så tidleg som mogeleg. Klubbane må ta initiativ for å motivera ungdom og foreldre til å senda sine håpefulle ut i verden. Rotary har eit svært godt, rimeleg og trygt

tilbod for utvekslingsstudentar og kan tilby utveksling til mange land i verden. Når me sender nokon ut, må me også ta imot ein student frå eit anna land. Dei som har hatt studentar hjå seg i vel 3 månadar, seier at det har vore ei svært kjekk oppleving, som gjev varig vennskap og kontakt.

Eg vil oppmoda klubbar som ligg nært geografisk om å samarbeida om Ungdomsutveksling.

Les meir om tilbodet her: <https://rye.rotary.no/no/1-ars-utveksling#.ZFo8j3ZByUk>

Rotary Convention i Melbourne, Australia

27.-31. mai går Rotary International Convention av stabelen i Melbourne. Her samlast Rotarianar frå heile verda for å få inspirasjon, utveksla erfaringar, høyra gode foredrag, møte toppleinga i Rotary International og ikkje minst for å møtast sosialt. Frå Norge dreg det ein stor delegasjon på 22 Rotarianar. Frå D2250 veit eg om 3 Rotarianarar som skal down under.

Personleg hadde også eg planar om å dra til Australia, men mitt barnebarn Agnes skal konfirmerast 27. mai og det prioriterer eg sjølvsgt.

<https://convention.rotary.org/en-us/>

